

Styremøte Vikedal Bygdahus



Møtereferat

26.08.2024

Møtte: Johannes H. Leifsen, Erlend Nesheim, Asle Øverland, Ina Helmers og Nils Erik Eide
På sak 35/24 møtte Daniel Holten fra pubkomiteen og Sten J. Særsten fra Båtforeininga

Møtte ikkje: Tone Helen H. Halleraker, Håkon Bakkedal

Sak	Agenda	Referat	Ansvar
34/24	Gjennomgang av referat frå tidlegare møte	<p>Eventuelle restansar og utsette saker. Desse bør plottast inn på komande saklister med ansvarsfordeling.</p> <ul style="list-style-type: none">- Budsjett 2024- Ombygging av inngangsparti idrettshall- Innkjøp av bord og stolar- Oppgradering kjøkken- Defekt dør i hallen- <u>Jubileumsfest 2024</u>- Gåvefond/sponsorar- Premieskap i garderonen <p>Styret fekk ikkje tid til å sjå på desse, dei blir plassert på saklista framover mot årsmøtet.</p>	Styret
35/24	Evaluering Sommarfestival 2024	<p>Dagarrangement</p> <ul style="list-style-type: none">- Båtforeininga gjekk ca i null- Arrangementet gjekk veldig bra, stort sett- Ein del båt- Godt med påmeldte til fiskekonkurransen- Fordeling dag og kveld må gjerast på ein annan måte neste gong. Det var ein del ting som ikkje var heilt avklart kven som hadde ansvaret. Resultatet blei bra til slutt. Litt meir forutsigbart, at båtforeininga tek fiskefestivalen, båt og bil. Kva med boder og anna? Blei litt dobbelt arbeid.- Lage ein kjøreplan tidleg med fordeling av ansvar. <p>Pubkveld</p> <ul style="list-style-type: none">- Gjekk bra, folk let vel- Nok vakter, 11 totalt. Neste gong må ein ha ein kvinneleg vakt, minst.- Nok øl og drikke elles	

<i>Sak</i>	<i>Agenda</i>	<i>Referat</i>	<i>Ansvar</i>
		<ul style="list-style-type: none"> - Veldig bra med «luftetelt», bra med plass ute og inne. Skulle kanskje vore meir avgrensa inne? - Omsetning? <ul style="list-style-type: none"> o Fiskesuppa: 20 000 kr netto o Totalt: 90 000 kr netto på alt. o Mykje utgifter på band, kanskje det er nok med ein headliner, så kan ein ha den same artisten/bandet som spelar på aftersea som oppvarmar på kvelden? o Lyd kan VUL/VBH ta sjølve, ein del å spara på det. o 71 000 kr blei brukt på lyd, lys og musikk - 315 betalande er bra - Ingen matservering, Verthuset tok seg av det. Fungerte ok. Sparer 1 vakt. - Til neste gong: klarare mellom ansvarsområda i høve pubkomiteen og bygdahuset - Bra med leige av vasking av huset etterpå, lettare å få vakter då når dei slepp å stå til langt på natt å vaske. - For å få støtte til festival så må me ha festivalen over to dagar. Kanskje eit barne/ungdomsarrangement på fredagen? Kan søkja kommunen om støtte. Kva med kulturettermiddag på fredagen som me hadde før? Nils Erik luftar det for Port Salutt Band. - Dato neste år? 11.-12.juli 2025, helga før Roots'n. - Sponsorar til Sommarfestivalen, kunne det vore aktuelt? 	
36/24	Jubileumsfest 2024	<p>Vikedal bygdahus feirer 25 år i 2024, diskusjon om korleis dette bør markerast.</p> <p>Forslag til dato er 23.november 2024, dagen kan vera slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Dagarrangement med aktivitetar og kake - Invitere gjester - Matservering og kaker/kaffe - Talar - Dans etterpå - Same mal som NMK sitt landstemne <p>Børe det opprettas sein komite?</p>	Styret

Sak	Agenda	Referat	Ansvar
37/24	Nye leigeavtalar med Vindafjord kommune og Vindafjord IL	<p>Det er laga forslag til skriv til desse partane. Styret bør lage ein plan for korleis ein tek dette vidare. Dette hastar.</p> <p>Forslag til ny leige:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunen: 120 000 kr pluss mva NY: 200 000 kr pluss mva - VIL: 220 000 kr pluss mva 250 000 kr pluss mva <p>Nils Erik lagar skriv i Ina sitt namn og foreslår ny leigepris.</p>	NEE
38/24	Fasaden idrettshall	<p>Komiteen etterlyser eit budsjett, ide om ståande kledning med ulike typar fasade.</p> <p><u>Melding frå Geir Sigve og Vigleik:</u></p> <p><i>Han med malingen har skiftet beite, så der må eg prøve ein annen veg inn. Uten å vite resultatet av det. Kledning er det billigste alternativet, men også der snakker vi omst 300'. Trur me må sjå om me evt kan brekke av med flere fasadetyper. Men viktigst av alt: hva er bygdahuset sitt budsjett til dette?</i></p> <p>Totalt treng me 500 000 kr til heile huset. Alternativ er å låne 500 000 kr og få i gong fasadespleis</p>	Styret
39/24	Eventuelt	<ul style="list-style-type: none"> - Sp.mål om lån av kafe mm til jentekveld 06.09.24, VIL: <i>Det er ok, til halv pris 450 kr.</i> - Sp.m om ledig lokale til konfirmasjon 10.05.25. <i>Reidar sjekker og gir tilbakemelding.</i> - Det står ein benk som er Fokus Sandeid sin bak idrettshallen? <i>Den vil dei ha tilbake, er det Rootsen som har lånt den? Eller kan det vera at Fokus Sandeid har køyrt feil benk tilbake?</i> - Det er kome ei purring frå Tono ang pubkveld påskken 2023: <i>300 billettar x 250 kr = 7500 kr.</i> - Fotballkampar – kiosk. Skaffe nye vindu med «luke». <i>Samarbeid med idrettslaget. Skaffe tilbod slik at ein kan ha kiosksal. Johs skaffar pris.</i> - Ny ide: nokre sjeler som ønskjer å få til ein klatrevegg sørveggen mot Kyrkjehølen. <i>Ein spanande tanke. Spelemiddel? Dei tek jobben, lagar prospekt. Presenterer for styret og så vidare til årsmøte.</i> - Sjekke ny rekneskapsbyrå/ eventuelt person? Det har blitt så dyrt. - Vipps skilt i idrettshallen – <i>styret henger opp plakat med Vipps QR kode slik at dei som trenar «tilfeldig» kan Vippse 30 kroner per time. Ina lager plakat og informerer om dette på Facebook og heimesida.</i> 	NEE RE NEE NEE JHL JHL AØ IH

28.08.24

Nils Erik Eide